

Elin og Henry Fanebust
Lindåsvegen 2088, 5955 Lindås

Våge, 05.11.2021

Alver kommune, administrasjonen

kopi: Statsforvaltaren i Vestland v/landbruksdirektøren

BYGGESAK 99/4, Våge
KLAGE PÅ DEL AV VEDTAK AV 13.10.2021 – LØYVE TIL GARASJE MED KÅRBUDEL

**Kårhus vedtatt på feil grunnlag.
Administrasjonen har feilsitert landbruksavd. om «naudsynt kårbudel».
Driftsgrunnlaget for kårhus er ikkje tilstades.**

Administrasjonen, sitat:

«Etter fagleg vurdering frå landbruksavdelinga av 31.05.21 er det naudsynt med oppføring av nytt våningshus med kårbudelen i garasjen....». **Dette er direkte feil.** Landbruksavd. har uttalt at det **ikkje** er naudsynt med kårhus, kun med våningshus.

Administrasjonen si faglege vurdering skal gjenspeile Jordloven og nasjonale retningslinjer. Når behovet for kårhus ikkje er driftsmessig tilstades kan me ikkje sjå at dette er gjort.

Administrasjonen i Alver kommune opnar med dette ein praksis for at gardar i Alver som ynskjer kårhus no kan bygge dette nær våningshuset dersom kårhuset også inneheld garasje. Dette sjølv om driftsgrunnlaget ikkje er tilstades, jfr. gnr 99/4, Våge.

Me meiner administrasjonen ikkje har lagt nasjonale retningslinjer til grunn for vedtaket, at administrasjonen har direkte feilsitert landbruksavdelinga for å få vedtaket igjennom, følgjeleg at vedtaket om kårhus er gjort på feil grunnlag og må omgjerast.

Med vennleg helsing
Elin og Henry Fanebust

Refleksjon i etterkant:

Administrasjonen si positive innstilling når det gjeld kårhus står for oss som eit illustrerande bilde på heile denne saka, og etterlet dette spørsmålet: Kva er grunnen til at administrasjonen i Alver gjev 99/4 Eikevik ei heilt anna handsaming enn øvrige innbyggjarar i Alver med tilsvarande saker – ei handsaming som jamnt over ikkje treng følgje lovverket?